

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 BERGEN

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Vår referanse: 16/4062

Dykkar
referanse:

Dato: 05.05.2017

Att: Miljø- og klimaavdelinga

Marint vern i Hordaland - høyring av verneframlegg for tre kandidat område - Lurefjorden med Lindåsosane, Krossfjorden og Ytre Hardangerfjord - uttale

Vi viser til brev av 21.02.2017 frå Fylkesmannen i Hordaland med høyring av verneframlegg for tre marine kandidat område, Lurefjorden med Lindåsosane, Krossfjorden og Ytre Hardangerfjord.

I Krossfjorden og ytre del av Hardangerfjorden er det etablert betydeleg akvakulturverksemd innanfor og i randsonen av dei føreslåtte verneområda. Fiskeridirektoratet region Vest peiker på at slik framlegg til føresegner til verneområda er utforma, vil dette føre til at alle endringar av arealbruk og biomasse på lokalitetar der det er etablert akvakulturverksemd vert underlagt § 5 spesifiserte dispensasjonsreglar. Det er vår vurdering at konsekvensane kan bli store for desse verksemdene ved innføring av eit vern som foreslått.

Fiskeridirektoratet sitt ansvar og medverknad i verneplanprosesser

Fiskerimyndighetene er ansvarlig for forvaltning av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og akvakulturnæringa. Ved utarbeiding av marine verneplanar har Fiskeridirektoratet sine regionkontor ansvar for å ta vare på sjømatnæringa sine interesser og sjå til at innføring av vern er i tilstrekkeleg i samsvar med sektorlovverket som Fiskeridirektoratet forvaltar.

Generelle merknader til prosessen

Fiskeridirektoratet region vest vil peike på at det har vore ein lang prosess frå Rådgivende utval for marin verneplan leverte si tilråding til 36 kandidat områder i 2004, og fram til dagens framlegg til vern av 3 marine områder i Hordaland. I mars 2015 sendte Fylkesmannen i Hordaland ut melding om oppstart av arbeid med tre marine verneområder; Lurefjorden med Lindåsosane, Krossfjorden og Ytre Hardangerfjord. Fylkesmannen har

også helde informasjonsmøter for kvart av områda. Fiskeridirektoratet region vest har gjeve innspel til oppstartsmeldinga i brev av 08.06.2015 der vi bl.a. har tatt opp spørsmål til medverknad;

«Vi forventar at fylkesmannen legg opp til eit nært samarbeid med Fiskeridirektoratet sitt regionkontor og andre berørte sektormynde, fram til det ligg føre ferdig framlegg som skal sendast til Miljødirektoratet».

Omtale av fiskeri- og akvakulturtema, statistikk og vurdering av mulige konsekvensar av vernet som vert presentert i høyringsdokumenta, er utarbeidd utan seinare medverknad frå Fiskeridirektoratet region Vest. Vi ser likevel at teksten i kapitlet som omhandlar fiskeri- og havbrukstema, for ein stor del er utforma på bakgrunn i tidlegare nasjonalt samarbeid om marine verneplaner der fiskeridirektoratet har fått delta meir aktivt.

Avgrensing av verneområda

Totalarealet på kandidatområde i Krossfjorden er redusert frå 396 km² (rådgjevande utval) til 210 km². Grensa mot vest er trekt lenger inn mot land, og inne i fjordbassenget vil vernegrensa følgje -100 meters kote i staden for -2 meter kote som i framlegget frå rådgjevande utval. Planen skal med dette dekke dei mest interessante delane av fjordbotn, utan unødig vern av område med mykje menneskeleg påverknad der det ikkje er påvist vesentlege verneverdiar.

Ut over framlegg om ny avgrensing av kandidatområdet i Korsfjorden, legg fylkesmannen fram framlegg om nokre mindre justeringar som generelt skal gjelde for alle dei tre kandidatområda. Der det er eksisterande verneområde som går ut eller ned til sjøen, gjer fylkesmannen framlegg om at vernegrensa blir trekt langs tidevassona for å hindre overlapp av gjeldande forskrifter. Elles skal vernegrensa generelt trekkast utanfor privat grunn på kote -2 meter.

Fiskeridirektoratet region vest er generelt er positiv til at fylkesmannen set fokus på å unngå unødig vern av område kor det ikkje er særskilte verneverdiar. Vi gjer merksam på at i Krossfjorden er det etablert akvakulturverksemd som vert liggjande i randsona til verneområdet. Nokre akvakulturanlegg vil verte liggjande delvis innanfor og delvis utanfor grensa til verneområdet. Vi vil kommentere dette nærare under avsnittet «akvakultur».

Fiske og hausting av viltlevande marine ressursar

Føresegner til marint vern i dei tre kandidatområda vert tilrådd oppretta med heimel i Naturmangfaldlova. Av § 4 *generelle unntak frå vernebestemmelsene*, går det fram under pkt c, at føresegna i § 3 om at dyrelivet og vegetasjon i sjø som er verna mot ein kvar form for skade og øydelegging, ikkje er til hinder for hausting av viltlevande marine ressursar i samsvar med Havressurslova og anna gjeldande lovverk med unntak for;

- *hausting av vegetasjon, medregnet tang, tare og andre marine planter innanfor Lurefjorden og Lindåsosane verneområde og Ytre Hardangerfjord verneområde,*
- *hausting av vegetasjon, medregnet tang, tare og andre marine planter samt reke-tråling innanfor spesifikke referanseområder som er kartfesta i vernekartet for Krossfjorden.*

Fiskeridirektoratet region vest legg til grunn at ein skal forstå dette slik at hausting, med unntak av spesifikke aktiviteter som angitt over, skal regulerast av lovverket Fiskeridirektoratet forvaltar. Jf. § 4,d. går det fram at verneregler i § 3 *ikkje er til hinder for bruk av registrerte kaste- og låssettingsplassar*. Låssetting er pr. definisjon oppbevaring av villfanga fisk i lås/steng over kortare periodar utan føring av fisken. Låssetting har lange tradisjonar langs kysten, og på Vestlandet er låssetting vanleg i samband med oppbevaring /mellomlagring av pelagiske artar som sei, sild, makrell og brisling. Lås/steng vil tradisjonelt være fortøyd i land, men i einskilde tilfelle vil også forankring i botn nyttast. Jf. Havressurslova, § 27 kan lås- og stengsetting utøvast i rimeleg avstand frå hus der det bor folk, eller hytte som er i bruk, og utan utilbørlig fortrengsel eller ulempe for andre. Fiskeridirektoratet har gjennom fleire år registrert sjøområde som vert nytta som låssettingsplassar. Registrerte låssettingsplassar vert nytta som grunnlag for å ta vare på fiskarane sine interesser i forvaltninga av kystsona. Registreringene er lagt inn Fiskeridirektoratet sin kartdatabase og blir vist i kartverktøyet til Fiskeridirektoratet som 'Låssettingsplasser' under tema *kystnære fiskeridata* (<https://kart.fiskeridir.no/fiskeri>). Vi understreker samstundes at lås- og stengsetting etter Havressurslova også kan gå føre seg utanfor dei områda som Fiskeridirektoratet har registrert. Det er ikkje forventa at låssetting vil være i konflikt med verneformålet, men slik § 4d i forskrift til verneområda er formulert, vert låssetting avgrensa til berre å gjelde områda som Fiskeridirektoratet har registrert.

Vi ser denne formuleringa som uheldig, og rår til at ordlyden i paragrafen vert endra; Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for steng-/låssetting jfr Havressurslova § 27.

Under § 5n. i føresegnene kan ein etter søknad gje dispensasjon til *levandelagring av fisk*. Vi ber om at levandelagring av fisk i denne kontekst ikkje må forvekslast med lås- og stengsetting etter Havressurslova;

- kortvarig levandelagring av vill fisk utan føring (einstydande med låssettings)
- langvarig levandelagring av vill fisk inntil 12 veker, med føring etter 4 veker

Vi ventar ikkje at innføring av vern vil føre til konsekvensar for utøving av fiske ut over restriksjonar til tråling langs botn i dei to referanseområda for kystreke innanfor verneområdet i Krossfjorden. Framlegg til referanseområde for kystreke og tareskog i Krossfjorden er i samsvar med innstilling frå Rådgevinge utval. Under dei spesifiserte reglane for dispensasjon jf. § 5k. for Krossfjorden verneområde, kan ein etter søknad gje dispensasjon til reke-tråling i referanseområde i samarbeid med forskingsinstans. På bakgrunn av Rådgevinge utval sin innstilling om restriksjonsnivå på fiske innanfor verneområda og i dei einskilde referanseområda for kystreke, ser Fiskeridirektoratet region vest dette som ei tilfredstillande løysing.

Verksemd i nærleik av korallførekomstar

Jf. § 4 Generell unntak frå vernereglane, punkt 1. heiter det; *Miljødirektoratet kan av omsyn til korallførekomstar ved forskrift regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet.* Å verne om korallar er ein del av føremålet med dei marine verneområda og Fiskeridirektoratet region vest slutter seg til dette. Vi forventar samstundes at denne føresegna vert aktuell å bruke i område der det ligg føre sikker og vitenskapelig dokumentert kunnskap om førekomst av korallar gjennom Havforskningsinstituttet.

Einskilde av korallområda der det er registrert viktige og større førekomstar av korallar er beskytta gjennom Havressurslova etter [Forskrift om beskyttelse av korallrev mot ødleggelse som følge av fiskeriaktivitet](#). Formålet er å verne korallrev mot øydelegging som følge av fiskeriaktivitet, og slik bidra til ei forsvarlig ressursforvaltning blant anna ved å sikre reproduksjons- og oppvekstområde for mange fiskeslag. Korallførekomstar som er registrert av Havforskningsinstituttet, samt område med forbod mot fiske eller bruk av einssilde typar reidskap, kan sjåast under tema 'Korallrev' i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy <https://kart.fiskeridir.no/plan>. Det er innført forbod mot fiske kring to område i Hordaland der det er registrert viktige førekomstar av korallar; - ved Nakken i Stord kommune og ved Straumsneset i Tysnes kommune. Begge områda er lokaliserte i den sørlege delen av Langenuen.

Akvakultur

Fiskeridirektoratet region Vest rår til at omgrepet *akvakultur* blir brukt i staden for havbruk. I akvakulturlova § 2), er akvakultur definert som produksjon av akvatiske organismar. Det heiter vidare:

«Med akvatiske organismer forstås vannlevende dyr og planter. Som produksjon regnes ethvert tiltak for å påvirke levende akvatiske organismers vekt, størrelse, antall, egenskaper eller kvalitet. I tvilstilfeller kan departementet i enkeltvedtak eller forskrift bestemme hva som anses som akvakultur.»

I kapittel 'Verneframlegget og brukarinteresser' i omtalar/faktaark av dei einssilde verneområda, er eksisterande akvakulturverksemd innanfor kvart av områda lista opp. Tabell 1. *Liste over alle konsesjonar i kandidat område* i omtalen av Krossfjorden, er ikkje nøyaktig nok og må korrigerast. Vidare ser vi det som naturleg at også akvakultur som er etablert i randsonen av verneområdet blir tatt med i oversikt over eksisterande verksemd.

Føresegner som vil gjelde i verneområdet vil og få verknad for desse verksemdene, t.d. ved utviding av anlegg /fortøyingssystem som kryssar over grensa og inn i verneområdet. Vi reknar med at innføring av vern direkte eller indirekte får konsekvensar for drifta av desse anlegga. Tabellane under viser godkjente akvakulturlokalitetar innanfor, og i randsonen til framlegg til verneområde i Krossfjorden og i ytre Hardangerfjord (kjelde: akvakulturregisteret, mai 2017).

Godkjende akvakulturlokalitetar innanfor framlegg til verneområde i Krossfjorden;

Lokalitetsnr	Lokalitetsnamn	Art	Kapasitet	Kommune
11552	Stuholmen	Laks og aure	780 tonn	Sund
31038	Buarøy	Laks og aure	4.680 tonn	Sund
32877	Skorpo	Laks og aure	3.120 tonn	Os
25835	Flatøyflu	Laks og aure	3.120 tonn	Austevoll
34558	Stegavåg	Algedyrking	20.000 DA	Austevoll

Godkjende akvakulturlokalitetar i randsonen av framlegg til verneområde, Krossfjorden;

Lokalitetsnr	Lokalitetsnamn	Art	Kapasitet	Kommune
20596	Kyrholmen S	Laks og aure	3.120 tonn	Austevoll
11611	Naveide	Laks og aure	3.120 tonn	Austevoll
31157	Fiksneset	Laks og aure	1.560 tonn	Sund
34557	Steinneset	Algedyrking	20.000 DA	Austevoll

Godkjente akvakulturlokaliteter innanfor framlegg til verneområde, Ytre Hardangerfjorden;

Lokalitetsnr	Lokalitetsnamn	Art	Kapasitet	Kommune
25895	Flornes	Laks og aure	3.880 tonn	Tysnes
25896	Skorpo	Laks og aure	3.880 tonn	Tysnes
24937	Nebbo	Laks og aure	2.340 tonn	Kvinnherad

Til opplysning legger vi og ved kart som viser etablert akvakultur innanfor og i randsonen av framlegga til verneområde i Krossfjorden og i ytre Hardangerfjord. Som det går fram av tabellane over og i kart under, er det eit betydeleg omfang av akvakulturverksemd som er etablert innanfor framlegga til verneområde i Krossfjorden og i ytre Hardangerfjord. Desse verksemdene driv i all hovudsak med oppdrett av matfisk av laks og aure. Jfr. vår oversikt, vil i alt 7 matfisklokaliteter med ein samla biomasse på 21.800 tonn MTB, bli liggande innanfor grensa til dei to verneområda. I tillegg vil 3 matfisklokalitetar med samla biomasse på 7.800 tonn MTB og eit anlegg som driv alge- dyrking, bli liggjande i randsonen av verneområdet i Krossfjorden. Dei fleste av akvakulturanlegga som vert liggjande innafor befinn seg nær grensa for verneområdet. I sin vurdering av moglege verknadar av vernet skriv fylkesmannen m.a.;

«Eksisterande akvakulturanlegg og konsesjonar vil ikkje få restriksjonar av vernet. Ved utviding og fornying av konsesjonar kan det etter søknad gis dispensasjon. Det vert då stilt krav om at havbruksaktiviteten ikkje er i strid med verneformålet og ein må rekne med at det vil bli stilt krav til minimal påverknad på naturmiljøet og at dei mest miljøforsvarlege driftsmetodane blir brukte».

Vidare skriv fylkesmannen under 'Konsekvensar for næringsverksemd';

«Restriksjonsnivået avgjer om pågåande næringsverksemd får ulemper av vernet, men vi forventar at problema blir små. Konfliktane knytte til moglege negative effektar for framtidig næringsverksemd er ikkje store, men eit vern skal sjølvsagt bli vurdert i nært samarbeid med involverte kommunar».

Fiskeridirektoratet region vest peiker på at slik framlegg til føresegner til verneområda er utforma, vil dette føre til at alle endringar av arealbruk og biomasse på akvakulturlokalitetar som er etablert innanfor verneområda, vil bli underlagt § 5 spesifiserte dispensasjonsregler. Jf. § 5 l. kan forvaltningsmyndigheten etter søknad gi dispensasjon til havbruk som ikkje er i strid med verneformålet. Kva typar akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet, vil være i kontinuerlig utvikling.

Vi vil og påpeike at ved innføring av produksjonssoner frå hausten 2017 vil ein ha «branngate» i forhold til lakselus i eit område ved Sotrabraua og vestover. Dette vil legge ytterligere bånd på areal avsett til akvakultur i Hordaland.

På bakgrunn av det betydelege omfanget av akvakulturverksemd som er etablert i Krossfjorden og ytre del av Hardangerfjorden, reknar vi med at framlegg til vern i desse områda kan få store konsekvensar for framtidig utvikling av desse verksemdene.

Fig. 1. Oversiktskart Krossfjorden med framlegg til verneområde og godkjente akvakulturlokalitetar




Fig. 2. Arealbruk i overflate på lokalitet 31038 Buarøy, Sund kommune




Fig. 3. Arealbruk i overflate på lokalitet 32877 Skorpo, Os kommune



Fig. 4. Arealbruk i overflata på lokalitet 25835 Flatøyflu, lokalitet 20595 Kyrholmen S og lokalitet 34558 Stegavåg, Austevoll kommune




Fig. 5 Arealbruk i overflata på lokalitet 34557 Steinneset og lokalitet 11611 Naveide, Austevoll kommune



Fig. 6. Arealbruk i overflata på lokalitet 31157 Fiksneset, Sund kommune



Fig. 7. Arealbruk i overflata på lokalitet 11552 Stuvholmen, Sund kommune



Figur 8. Oversiktskart ytre Hardangerfjord med framlegg til verneområde og godkjente akvakulturlokalitetar





Fig. 9. Arealbruk i overflata på lokalitet 25895 Flornes, lokalitet 25896 Skorpo i Tysnes kommune og lokalitet 24937 Nebbo i Kvinnherad kommune



Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

KOPPI

Mottakarliste:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------

Kopi til:

Austevoll kommune		5392	STOREBØ
Sentraladministrasjon			
Austevoll Seaweed Farm AS	Haugnes	5384	TORANGSVÅG
Fiskerlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Fiskeridirektoratet KH-avd	Postboks 185	5804	BERGEN
Arealseksjonen	Sentrum		
Fjelberg Fjordbruk AS	Alsaker	5694	ONARHEIM
Fylkesnes Fisk AS	Fylkesnesvegen 164	5430	BREMNES
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870	5817	BERGEN
	Nordnes		
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Regionalavdelinga			
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Lerøy Vest AS		5397	BEKKJARVIK
Lingalaks AS	Lingavegen 206	5630	STRANDEBARM
Mattilsynet	Felles postmottak	2381	BRUMUNDDAL
	Postboks 383		
Nordsjø Fjordbruk AS	c/o Alsaker	5694	ONARHEIM
	Fjordbruk		
Norges Kystfiskerlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Ocean Forest AS	c/o Lerøy Seafood	5020	BERGEN
	Group ASA		
	Postboks 7600		
Os kommune	Postboks 84	5202	OS
Sjømat Norge	Postboks 5471	0305	OSLO
	Majorstua		
Sjøtroll Havbruk AS	c/o Sjøtroll AS	5397	BEKKJARVIK
Sund kommune	Postboks 23	5371	SKOGSVÅG
Telavåg Fiskeoppdrett AS		5380	TÆLAVÅG
Tysnes Fjordbruk AS		5694	ONARHEIM
Tysnes kommune	Uggdalsvegen 301	5685	UGGDAL
Sentraladministrasjon			

КООРІ